

HANDLINGSPLAN FOR BEREKRAFTIG REISEMÅLSUTVIKLING Suldal 2017 - 2020



*Gje meg vatn, slik at eg kan sjå
kva eg kan makta.
Berre i vatn kan eg laga bølger*

*Gje meg ro, slik at eg kan sjå
at tida set sine spor
og at historien fortsatt er her*

*Gje meg lys, slik at kan sjå
at eg kan gje liv til eigen lengsel*

*Gje meg mot, slik at eg kan sjå
at eg må kasta meg uti
livet.*

Gunnar Roalkvam

INNLEIING

Suldal har ei lang reiselivshistorie som strekkjer seg heilt tilbake til midten av 1800-talet. Då som no var opplevingar knytt til natur, kultur, historie og menneske det viktigaste innhaldet i reiselivsproduktet. Berekraft og framtid har vore og er sentralt i planar og strategiar for heile Suldalssamfunnet – også for reisemålsutviklinga. Å ta vare på naturen, kulturen og dei sosiale verdiane er ei grunnhaldning som har stått fast i Norge i generasjonar, og perspektivet er langsiktig. Sjølv om ein kan sjå eksempel på det motsette av å ta vare på, står det likevel fast at den naturen me har i dag også skal kunne nytast av generasjonane som kjem etter oss.

Reiselivet har gjerne eit særskilt ansvar og også motivasjon for at naturen framleis er verdt å vise fram – like spektakulær og levedyktig når det er framtidige generasjonar sin tur til å oppleve, bruke og nyte den. Og det er nettopp dette som ligg til grunn for at Suldal ønskjer å arbeide meir målretta, meir strategisk og smartare med reisemålsutviklinga: Ta vare på naturen, samfunn, landskap, sosiale verdiar og styrke næringa og destinasjonen si konkurransekraft – bli eit berekraftig reisemål slik at samfunn og næring har noko å leve av i framtida, og at dei som bur og besøker oss får gode og verdifulle opplevingar. Innovasjon Norge sine 10 prinsipp for berekraftige reisemål er eit framtidsretta og strategisk godt verktøy for å styrke reiselivsnæringa og kommunen sitt arbeid med reisemålsutvikling.

Denne handlingsplanen skal danne grunnlag for tiltak som skaper ei berekraftig reisemålsutvikling for Suldal, og er bygd rundt Innovasjon Norge sine 10 prinsipp for berekraftige reisemål. Den skal gi svar på kriterier og indikatorar som ligg til grunn for desse prinsippa og samstundes ha eit langsiktig perspektiv for målretta arbeid i vidare reisemålsutvikling. Handlingsplanen er eit resultat av samarbeid og partnerskap mellom Suldal kommune, destinasjonsleiinga i Suldal Vekst og næringsaktørar - VisitSuldal.



Innhald

INNLEIING.....	2
1. BAKGRUNN.....	4
1.1 Kvifor berekraftig handlingsplan?	4
1.2 Kven står bak planen og kven er planen for?	4
2. MÅLSETTINGAR	5
2.1 Suldal - eit berekraftig reisemål:	5
2.2 Effektmål for reiselivsnæringa og aktørane	7
3. FORANKRING – OPPFØLGING – RAPPORTERING.....	8
3.1 Når, kor og korleis skal planen formelt handsamast	8
3.2 Organisering	8
3.3 Rapportering og involvering	9
4. TILTAK I HANDLINGSPANEN.....	10
4.1 Bevaring av natur, kultur og miljø	11
4.2 Styrke sosiale verdiar	15
4.3 Styrke økonomisk levedyktigheit	18



1. BAKGRUNN

1.1 Kvifor berekraftig handlingsplan?

Føremål med handlingsplanen er å kvalifisere Suldal for «Merket for Bærekraftig reisemål» etter Innovasjon Norge sin standard.

Fokus på berekraft nasjonalt og globalt er sterkt aukande og det vert stilt stadig strengare kvalitetskrav til destinasjonar. Suldal har, som mange destinasjonar i Noreg, opplevd stor auke i besøk og er ein del av den globale turistnæringa med betydeleg internasjonal trafikk. Dette inneber både moglegheiter og utfordringar. Destinasjonen har også ein relativt stor nærmarknad, der Suldal har vore og er rekreasjonsområde for Stavanger- og Haugesundsregionen, og har m.a. rundt 2000 fritidsbustader. For vidare utvikling av nye område for hytter og fritidsbustader og også for å framleis vere attraktiv for dei som allereie finst, er det viktig at miljø, natur, natur og eksisterande tilbod blir tatt vare på.

Suldal er i dag eit heilårleg reisemål og reiselivet gir store ringverknader i lokalsamfunnet. Samstundes betyr eit aktivt og aukande reiseliv også stor innverknad på dei nevnte verdiane. Eit tydelegare strategisk fokus på berekraft vil dermed vere av interesse for øvrig næringsliv og regionen rundt. Suldal har fokus på å utvikle gode lokalsamfunn der naturgitte, kulturelle og sosiale verdiar og ressursar er sentrale verdiar. Dette er også god reisemålsutvikling av den grunn at attraktive stader der folk bur, jobbar og lever sine liv gjerne også er attraktive reisemål.

Etter dei første fasane med fokus på forankring og målretta arbeid med berekraft som overordna strategi for reisemålsutviklinga, ser ein frå både kommune, næring og destinasjonsleiing at Suldal har gode føresetnader for å innfri krav som vert stilt i «Merket for Bærekraftig reisemål», der fokus er på miljø, lokal kultur, natur, sosiale verdiar og økonomisk levedyktige bedrifter.

Det er difor naturleg og eit uttalt mål frå kommune og næringsaktørar å i enno større grad synleggjere og utvikle dette, og denne planen skal ytterlegare sikre og styrke ei langsiktig utvikling av eit attraktivt lokalsamfunn i eit berekraftig perspektiv både sosialt, økonomisk, kulturelt og miljømessig.

Handlingsplanen skal altså bidra til å gjere destinasjonen til eit meir attraktivt, lønnsamt og berekraftig reisemål, og er i tråd med regionale planar, m.a. Rogaland sin reiselivsstrategi, reiselivsplan for Ryfylke, kommuneplan for Suldal kommune med tilhøyrande handlingsplan for reiseliv. I tillegg er 2017 FNs internasjonale år for berekraftig turisme og utvikling, der målet er å skape større merksemd rundt berekraftig reiseliv hjå dei som bestemmer, reiselivsnæring og gjester og oppfordrar til mobilisering for å jobbe ilag for ei berekraftig utvikling.

1.2 Kven står bak planen og kven er planen for?

Handlingsplanen er utarbeida for å kvalifisere for «Merket for Bærekraftig reisemål», OG skal sikre at arbeidet med å vidareutvikle destinasjonen i eit berekraftig perspektiv også etter at prosjektperioden er over. Handlingsplanen skal vere førande for reisemålsutviklinga i Suldal, og er å sjå på som eit partnerskap mellom destinasjonsleiinga i Suldal Vekst, Suldal kommune og Suldal Næringsforening v/reiselivs- og sentrumsgruppa – VisitSuldal.

2. MÅLSETTINGAR

Kommuneplanen for Suldal opnar med å slå fast verdigrunnlaget for utvikling av samfunn- og næringsliv:

VISJON:

Eit levande samfunn, rik på natur naturressursar og kreativ kraft

Konkretisert i følgjande verdier:

EKSOTISK

Storslått natur, spennande kontrastar og sanseopplevingar

AKTIV

Levande, stå-på-vilje, engasjement, kreativitet, kultur- og naturbaserte aktivitetar

TRYGG

Naturleg, stolte og vennlege menneske, gode oppvekst- og levekår, lite kriminalitet

2.1 Suldal - eit berekraftig reisemål

Suldal Vekst har gjennom utviklingsavtale med Suldal kommune i oppdrag å arbeide med reisemålsutvikling i Suldal. Dette skal gjerast i tett samarbeid med reiselivsnæring og sjølvstyre kommunen. Eit uttalt mål og strategi for Suldal er å utvikle reisemålet og også reiselivsnæringa i eit berekraftig perspektiv og bli sertifisert og også resertifisert som eit berekraftig reisemål. For å finne løysingar som balanserer omsyn til miljø, natur, kultur, lokalsamfunn og økonomi og fører til ei verdiskaping som styrkar økonomien i reiseliv, må ein nødvendigvis tenkje nytt om ganske mykje. Samstundes vil ein kunne finne fram til produkt og opplevingar som er unike nettopp fordi dei er bygd på dei unike kvalitetane eit lokalsamfunn har. Samarbeidet mellom offentlege og private aktørar er ikkje noko nytt i Suldal, og erfaringar viser at ein gjennom slik samhandling blir betre, meir nyskapande og også meir effektiv og målretta. Forankringa og arbeidsmåte er dermed ikkje ukjent for korkje kommune eller næring.

Suldal Vekst har det siste året arbeidd for eigne ressursar og i samråd med Innovasjon Norge etter dei prinsippa som ligg til grunn for «Merket for Bærekraftig reisemål». Målsettingane har vore og er:

Styrke verdiskapinga til destinasjonen gjennom økonomisk levedyktige bedrifter

Reiselivsnæringa i Suldal er basert på lokalt eigarskap, der eigarane er dei du møter som gjest på hotellet, på ein av dei lokale kafeane, hjå den lokale kjøpmannen, på hyttetunet, eller på Laksesafari i Suldalslågen. Kunnskap om og hjarte for Suldal er grunnleggjande verdier og reisemålsutviklinga i Suldal er i stor grad bygd på kompetanse, nettverk og eit stort og personleg engasjement. Gjennom å leggje til rette for samarbeid, rådgiving, mentorordningar,

kompetanse- og forretningsutvikling, støtteordningar og nettverk, skal reiselivsbedriftene styrke sitt økonomiske grunnlag. Det skal vere fokus på samarbeid og arenaer der bedriftene kan utfylle og utfordre kvarandre. Hovudmål er å auke den totale verdiskapinga og dermed dei positive ringverknadane på destinasjonen.

Styrke attraksjonskraft og truverd som reisemål

Ved å oppnå «Merket for Bærekraftig reisemål» ønskjer Suldal å bli meir attraktiv både i regional, nasjonal og internasjonal marknad. Merket viser gjestene våre at Suldal tar ansvar for natur- og kulturressursane som reiselivsproduktet er bygd på, og at gjestene besøkjer ein ansvarsbevisst destinasjon. Samstundes er det slik at det som er attraktivt for gjestene, gjerne også er viktig for dei som bur her. Vidare vil ei reisemålsutvikling som tar omsyn til, tar vare på og foredlar viktige ressursar også ha ein verdi for hyttegjestene våre og vil kunne gjere Suldal meir attraktiv også for dei som ønskjer å flytte hit.

Ta vare på natur- og kulturressursane gjennom å fokusere på kunnskap om eigen destinasjon og verdigrunnlag

Næringsgrunnlaget i Suldal har til alle tider vore basert på naturressursane, slik også med reiselivet. Destinasjonen har lange tradisjonar som vertskap og har vore attraktivt som reisemål i generasjonar. Gjestene, før som no, kjem hit for å oppleve og finne ro i naturen, menneska som bur her og verdiane som er i samfunnet. Dei søkjer også spenninga som naturen kan by på, anten det er på fjellet, på fjorden, i elv eller vatn. Identiteten til Suldølen er i stor grad knytt til desse verdiane, og blir fort tatt opp av også nye innbyggjarar frå andre stader i verda. Formidling av kulturarv, historie og tradisjonar er viktig del av reiselivsproduktet, nett som kulturlandskapet er heilt avgjerande for attraktive stader. Dette er kvalitetar ved Suldalssamfunnet som må takast vare på, pussast på og styrkast i utvikling av nye produkt og opplevingar.

Stolte, rause og ansvarsbevisste næringsaktørar og innbyggjarar

Det er ei målsetting at prosessen ein nå er i gang med, verdiar og resultat, skal skape eit engasjement i lokalmiljøet. For å lukkast med å skape eit enno større eigarskap, først og fremst blant reiselivsbedriftene, samarbeidspartnarar, i destinasjonsselskapet og i kommunen, men også breiare, er det difor vere viktig å engasjere innbyggjarar og samfunnet elles.

Styrke vertskapsrolla gjennom samarbeid, kunnskap, engasjement og stolte vertar

Opplevingane til gjestene våre skal vere forankra hjå eit vertskap som har forstått kva det er vere vert og som både veit og kjenner forskjellen på service og vertskap. Vertskapsrolla skal vere naturleg del i møte med menneske og Suldalserverten skal vere nær, ekte, kunnskapsrik, stolt og bry seg om gjestene sine!

2.2 Effektmål for reiselivsnæringa og aktørane

Eit viktig mål er å styrke bedriftene si konkurransevne i eit berekraftig perspektiv. Dette er naturleg nok alltid eit viktig fokus uansett bransje, og vil bli avgjerande for å kunne møte framtidige forventingar frå gjester og krav frå det offentlege. Ordningar som miljøsertifiseringar og ved å i enno større grad arbeide etter berekraftige prinsipp, samt fokus på marknadsføring, forretnings- og produktutvikling, leing og drift vil effekt for bedriftene direkte og indirekte kunne vere:

- Betre omdømme og attraksjonskraft (også med tanke på rekruttering av kompetanse)
- Auka kompetanse
- Reduksjon av kostnader gjennom t.d. avfallshandtering, energisparing, interne rutinar osv.
- Auka truverd gjennom å bruke berekraft aktivt i marknadskommunikasjon
- Større opplevingsverdi for gjester

Ei oppleving av at gjestene vil verdsetje t.d. ei overnattingsbedrift eller ein aktivitetsleverandør som bevisst jobbar for minst mogleg innverknad på miljø, og som igjen kan auke omsetnad, redusere kostnadene og gi betre lønnsemd.



FORANKRING – OPPFØLGING – RAPPORTERING

Handlingsplanen skal vere eit verktøy for tidlegare nemnde partnerskap mellom destinasjonsleiing, kommune og næringsaktørar.

2.3 Når, kor og korleis skal planen formelt handsamast

For å sikre god forankring og legitimitet både politisk og hjå næringsaktørane, skal planen evaluerast kvart år av ei ressursgruppe med representantar frå næring og Suldal kommune. Evaluering og innspel til mindre justeringar i handlingsplan blir så lagt fram for styret i Suldal Vekst, som gjer endeleg vedtak av planen i november/desember kvart år.

Ei større revidering av planen skal gjerast etter 3 år i samband med remerking.

2.4 Organisering

Prosjektet er organisert etter PLP-metoden, der Suldal Vekst As er prosjektansvarleg. Prosjektleiari er også tilsett i Suldal Vekst As.

Styringsgruppe – styret i Suldal Vekst, samt ordførar og leiar Suldal Næringsforening:

Audun Rake – leiar (Lysefjorden Utvikling)

Judith Litlehamar – nestleiar (Filter Kommunikasjon)

Regina Romsbotn – (student juridisk)

Odd Harald Aksland – (Adm dir. Kolumbus)

Sølve Myrvang – (næringsdrivande Sand)

Gerd Helen Bø - ordførar

Olav Lindseth – leiar, Suldal Næringsforening,

Referansegruppe:

Denne kan justerast noko, og også utvidast om nødvendig. Foreløpig:

Nils Bjarne Vold, formannskapsmedlem Suldal kommune – Vikane Hyttetun

Torbjørn Guggedal, kommunalsjef Suldal kommune

Bjørn Moe, Suldal Næringsforening – leiar reiselivsgruppe og Mo Laksegard

Kjetil Brekke, Suldal Næringsforening – leiar sentrumsgruppe, SuldalFoto

Anne Karin Vårvik, Gullingen Turistsenter

Janneke Wijgergangs, Ryfylkemuseet

Liv Jorunn Tjelmeland, Reisemål Ryfylke

Ragnar Fosstveit, Sauda Ferie og Fritid

Anne Gunn Kvæstad, grunneigar Suldalslågen

Åshild Garvik Pedersen, Stavanger Turistforening – leiar, Stranddalshytta

Jarle Nilssen, bubilentusiast

Bonolo Ramphomane – næringsdrivande Brunsj As
Fredrik Fløgstad, strekningsansvarleg Nasjonal Turistveg Ryfylke

Prosjektansvarleg: Laila Steine, dagleg leiar Suldal Vekst as
Prosjektleiing: Elin Tjordal Haugen, reiselivsansvarleg Suldal Vekst as
Prosessretteiar: Synnøve Aabrekk

2.5 Rapportering og involvering

Formell rapportering skjer minimum fire gonger per år til styret i Suldal Vekst, 2 gonger per år til styret i Suldal Næringsforening, og i 2 årlege dialogmøte med formannskap og politisk leiing i Suldal kommune. For å sikre god framdrift og engasjement og involvering frå aktørane vil ein i tillegg kunne ha fleire uformelle møte i partnerskapet for realisering av planen. Presentasjonar og orientering vil vidare bli ein naturleg del på eksempelvis ulike nettverkssamlingar, tema- og frukostmøte i regi av destinasjonsleiinga.



3. TILTAK I HANDLINGSPLANEN

Handlingsplanen er bygd på dei 10 prinsippa for berekraftig reisemålsutvikling¹.



Handlingsplanen representerer oppgåver og prosjekt som skal gjennomførast før reisemålet kan kvalifisere for «Merket for Bærekraftig reisemål». Aktivitetane har komme fram på ulike måtar, m.a. gjennom nettverksarenaer der arbeidet har vore diskutert. Vidare gjennom ei kartlegging av status av dei ulike kriteriane og indikatorane som er knytt til ovanstående prinsipp for berekraftig reiseliv. tillegg er det fleire prosjekt som er i drift på reisemålet som m.a. handlar om tettstadutvikling og attraktivitet, og som også gir viktige innspel til handlingsplanen. Det er etablerte bedriftsnettverk i både reiseliv, handel og kultur, samt at Suldal Vekst har eit stort og variert næringsnettverk lokalt og regionalt.

¹ Prinsippa byggjer på World Tourism Organization, UNWTO, sin definisjon av eit berekraftig reiseliv og utvikling av dette - *Making Tourism More Sustainable. A guide for policy makers*, UNWTO/UNEP, 205. EU brukar også definisjonen som plattform i sin handlingsplan for eit berekraftig europeisk reiseliv – jfr. rapporten *Action for More Sustainable European Tourism – 2007*.

3.1 Bevaring av natur, kultur og miljø

TEMA	TILTAK	MÅLGRUPPE	ANSVAR
1. Kulturell rikdom	Revidere kulturminneplan for Suldal Kulturminne, kulturarv og lokal historie skal synleggjerast betre og bli ein meir «aktiv» del av opplevingar til gjester og fastbuande.	Lokalbefolkning, gjester, reiselivet	Suldal kommune/Rogaland Fylkeskommune/Suldal Vekst/
	Formidle krafthistoria til Suldal som den største kraftkommunen i Noreg. Vidareutvikle krafthistoriske opplevingar med fokus på kraftarkitektur(m.a. Blåsjø og Nesflaten), kopla til arkitekturrundturen langs Nasjonal Turistveg Ryfylke: <i>A powerful journey in architecture and history!</i>	Gjester, lokalbefolkning	Suldal Vekst/ Suldal kommune/ reiselivsnæring/ Statkraft/ Hydro/Suldal Elverk/Nasjonale Turistveger
	Reiselivshistorie i ny drakt: Discovery Route [®] - Historisk rundreisekonsept i Fjord Norge. Frå Stavanger til Bergen langs Nasjonal Turistveg Ryfylke og Hardanger. Revitalisering av ei av Noregs første kommersielle reiseruter med basis i historie, natur, kultur og opplevingar.	Gjester, lokalbefolkning	Suldal Vekst/Discovery Route SA
	Vidareutvikle opplevingar og aktivitetar knytt til lokal matproduksjon, synleggjere tilbod langs Nasjonal Turistveg Ryfylke og styrke matfagleg kompetanse, deltaking på Gladmat. Rogalands Matmanifest for serveringsbedrifter og matprodusentar. Vidareutvikle sal av lokalmat på destinasjonen, herunder på Suldal Turistkontor og hjå lokale kjøpmenn	Gjester, lokalbefolkning, næring	Landbruksnæring, reiselivsnæring, FMLA, Suldal Vekst, Reisemål Ryfylke, RyMat, Merkurprogrammet

	<p>Produktutvikling i og langs Suldalslågen, herunder formidle historia om lakselordane og lakseslotta.</p> <p>Suldalsspelet <i>Syng Elvestraum</i></p>	Gjester, lokalbefolkning, næring	Suldal kommune, Suldal Kulturhus, Ryfylkemuseet, Suldal Elveeigarlag, Suldal Vekst, næring
2. Landskapets fysiske og visuelle integritet	Arealbruk i høve reguleringsplanar for fritidsbustader, bustader og næringsbygg og -areal versus landskapsområde.	Alle som bur, besøker og oppheld seg på destinasjonen	Suldal kommune
	<p>Infrastruktur og besøksforvaltning:</p> <p>Realisere eksisterande skiltplan og kartlegge behov for sanitæranlegg/toalettfasilitetar langs vegane, i samband med turområde, naturlege stoppestader og ved attraksjonar.</p>	Besøkjande og gjester, lokalbefolkning, hyttesuldøler	Suldal kommune, Statens Vegvesen/Nasjonale Turistvegar, grendeutval, Suldal Næringsforening
	Kompetanseheving for alle reiselivsbedrifter, vertskap om allemannsretten, norsk friluftstradisjon i høve bruk av og opplevingar i naturen. Synleggjere dette for besøkjande på eksempelvis turistinformasjon, nettsider og startpunkt for vandreturar og aktivitetar i naturen.	Reiselivsbedrifter, lag og organisasjonar, destinasjonsselskap	Suldal Vekst
	Retningslinjer for miljøvennlege byggemetodar, vatn/avløp og avfallshandtering i høve inngrep i natur og landskap.	Alle som bur, besøker og oppheld seg på destinasjonen	2017 -
3. Biologisk mangfald	Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell med hensikt å auka kunnskap og medvit om villrein og villreinfjell slik at arten og leveområda vert ivareteken på kort og lang sikt – bidra til positivitet og eigarskap til villrein og villreinfjell og utvikle villrein og villreinfjell til ein ressurs i lokalsamfunnet.	Samfunn, grunneigarar, næringsinteresser	2018-
	Vidareføre fokus på formidling av kunnskap om og forvaltning av villaksen i Suldalslågen gjennom å	Samfunn	2017 -

	nettverksarenaer for grunneigarar, forvaltningsinteresser, FoU og statleg kraftindustri for å sikre gode leve- og vekstkår for laksen i Suldalslågen.	Næringsaktørar i og langs Suldalslågen	
	Kursaktivitet for hausting av naturressursar, informasjon og kunnskap – regelverk og forvaltning	Reiselivsnæring, brukarar av naturressursane	
4. Reint miljø og ressurseffektivitet	Leggje til rette for, motivere og vere pådrivar for å auke talet på miljøsertifiserte bedrifter og arrangørar gjennom m.a. å arrangere kurset «Bli ei meir berekraftig bedrift».	Reiselivsbedrifter, destinasjonsselskap	
<i>Miljøsertifisering</i>	Målsetting om at Suldal Vekst, reiseliv- handels- og kulturnæringar skal miljøsertifiserast – Miljøfyrtårn. Synleggjere sertifisering og verdi.	Reiselivsbedrifter, kommune, destinasjonsselskap	
	Målsetting om å sertifisere større arrangement som «Miljøgodkjent arrangement» for arrangørar som aktivt vil jobbe for å redusere arrangementet sin innverknad på miljø.		
<i>Transport</i>	Arbeide for at offentlig kollektivtilbod også tar omsyn til turistar som har behov for å komme seg frå ein stad til ein annan. Påvirke politisk	Off. myndigheiter	IS Fjordvegen Rute 13, fylkeskommunane i Fjord Norge, Kommunane, Ryfylke IKS, Suldal Næringsforening
	Oppfordre til større samarbeid mellom lokale offentlege transportar, inkl drosjenæring, og reiselivsnæring – eksempelvis oppleve arkitekturrundturen med buss.	Reiselivsnæring, transportørar	Suldal Billag, lokale taxiselskap, Suldal Næringsforening, Suldal Vekst
	Bidra til å styrke ekspressbuss-tilbodet mellom Trolltunga- Preikestolen med stopp Suldal	Tide	Suldal Næringsforening v/reiselivsgruppa, Suldal Vekst, Suldal kommune
	Etablere El-sykkeltilbod på destinasjonen		Suldal kommune

<i>Avfall</i>	Oppgradere noverande tømmeasjonar for bubil	Bubilgjester	Suldal kommune
	Kvalitetssikre status og evt utbetre avfallshandtering og kildesortering for bedrifter og fritidsbustader	2018-	Avfallsselskap
	Kartlegge og betre miljøkrav ved offentlege innkjøp		Suldal kommune

3.2 Styrke sosiale verdier

Engasjement og dugnadsånd er stor i heile kommunen, og Suldal har heile 130 registrerte friviljuge lag og organisasjonar som både er aktive med egne arrangement og er synlege og engasjerte i dei mange årlege arrangementa. Mange av fellesgodta som kjem både gjester, innbyggjarar og næring til del, er i betydeleg grad basert på dette engasjementet. Kommune, næring og destinasjonsleiing støttar i stor grad opp om aktivitetar, dugnadar og andre tiltak som er basert på den friviljuge innsatsen. Ved å auke kunnskap og medvit om «oss sjølve», reiselivet, gjestene våre og regionen våre kan ein ytterlegare styrke samfunnsansvar og bidra til at enno fleire bedrifter og organisasjonar engasjerer seg.

TEMA	TILTAK	MÅLGRUPPE	ANSVAR
5. Lokal livskvalitet og sosial verdiskaping	Følgje opp arbeidet i prosjekt Sand som opplevings- og handelssentrum med formål og å styrke verdiskaping og attraksjonskraft til kommunesenteret gjennom arrangementsutvikling, kompetansetiltak og næringsutvikling.	Lokalbefolkning, næringsliv, gjester	Suldal kommune, Suldal Vekst, Suldal Næringsforening
	Etablere el-sykkeltilbod for gjester og lokalbefolkning	Lokalbefolkning/ gjester	Suldal kommune
	Vidareutvikle og etablere nye møteplassar i grendene i kommunen med målsetjing om å ytterlegare styrke samhald, stoltheit og engasjement for levande bygder.	Lokalbefolkning og hyttesuldølar	Suldal kommune v/Grendeutval, Suldal Vekst
	Vurdere utvikling/etablering av <i>Kraftkampen</i> som arrangement med fokus på vatn, kraft og natur.	Lokalbefolkning, hyttesuldølar, gjester	Suldal Vekst i samarbeid med Statkraft, Hydro, Suldal Elverk, kommune, næring og lokale lag og organisasjonar
	Utarbeide retningslinjer for berekraft og samfunnsansvar.	Destinasjons-selskap, næringsaktørar	Suldal Vekst, Suldal Næringsforening
6. Lokal kontroll og engasjement	Gjennomføre hytteundersøking med følgjande målsetjingar: <ul style="list-style-type: none"> innhente meir kunnskap om hyttesuldølen og deira behov 	Eigarar og brukarar av fritidsbustader - Hyttesuldølar	Suldal Vekst, Suldal kommune

	<ul style="list-style-type: none"> etablere betre kommunikasjonskanalar med målsetjing om å auke den lokale verdiskapinga frå hyttegjestene undersøkje potensial for at hyttesuldølen kan tenkjast å tilføre kunnskap og kompetanse 		
	Gjennomføre «Bli ei meir berekraftig bedrift» - ref pkt 4.	Reiselivsbedrifter, destinasjonsselskap	Suldal Vekst i samarbeid med Lysefjorden Utvikling, Stavangerregionen Næringsforening og Innovasjon Norge
	Vidareutvikle og gjennomføre aktivitetar i «Kraftsenter Rogaland» med fokus på vekst og verdiskaping i bedrifter knytt til destinasjonsselskapet – mentorprogram, vekstprogram	Næringsaktørar	Suldal Vekst i samarbeid med næringshagane i Rogaland og Siva.
7. Jobbkvalitet for reiselivstilsette	Vidareføre eksisterande og etablere nye temagrupper	Besøksnæringane	Suldal Vekst/Suldal Næringsforening
	«Jakta på dei lønnsame kundane» - eit kompetanse- og bedriftsutviklingsprogram med fokus på sal, vertskap, økonomi og verdiskaping.	Besøksnæringane	Suldal Vekst og Suldal kommune i samarbeid med Merkurprogram
	Gjennomføre temamøte/frukostmøte med fokus på m.a. digital marknadsføring, HMS, leiing, styrearbeid, etablerarkurs, økonomi, berekraft, Miljøfyrtårn, osb.		Suldal Vekst
	Arbeide for etablering av reiselivsfag i den vidaregåande skulen – synleggjere moglegheiter og byggje kompetanse.		Suldal kommune, Sauda vgs/Rogaland Fylkeskommune, Suldal Vekst, Suldal Næringsforening
8. Tilfredse gjester og tryggleik	Gjennomføre gjesteundersøkingar for å bli betre kjent med gjestene og deira syn og oppleving av Suldal.	Gjester	Suldal Vekst, reiselivsnæring
	Gjennomføre risikoanalyse for gjester og besøkjande.		Suldal Vekst

	Vidareutvikle og gjennomføre vertskapskurs, inkludert førstehjelpskurs. Fokus: Vertskapsrolla til Suldalsvertane!	Besøksnæringar, turistvertar, kommune	Suldal Vekst
	Gjennomføre sertifiseringskurs for guidar.	Aktivitets-leverandørar	Suldal Vekst, NCE Tourism
	Arbeide for tilrettelegging for allmenn tilgjenge/universell utforming		Suldal Vekst, Suldal kommune

3.3 Styrke økonomisk levedyktighet

Suldal er ein heilårsdestinasjon med aktivitet og besøk gjennom heile året. Målgruppene til reiselivsbedriftene er samansett, og besøker Suldal til ulike tider på året. Det skal arbeidast vidare med å styrke skuldersesongar og ha fokus på betalingsdyktige gjestegrupper. Spesielt overnattings- og aktivitetsleverandørane rettar seg allereie i dag mot denne marknaden. Produktutvikling, kvalitetssikring av og tydeleg kommunikasjon av reiselivsproduktet skal bidra til å styrke reiselivsbedriftene si verdiskaping - dette ansvaret ligg også til næringa sjølv. Handlingsplanen legg opp til at ein skal ha eit større fokus på lokal mat og lokalproduserte varer, og at ein ser eit potensial i å arbeide vidare med å profesjonalisere og vidareutvikle eksisterande arrangement, utvikle nye og styrke verdiskapinga desse arrangementa representerer.

TEMA	TILTAK	MÅLGRUPPE	ANSVAR
9. Økonomiske levedyktig og konkurransedyktig reiselivsdestinasjon gjennom lokal verdiskaping	Gjennomføre ringvirkningsanalyse og innbyggjarundersøking for å synleggjere kva ringvirkningar reiselivet gir.	Lokalbefolkning, næringsaktørar	Suldal Vekst, Suldal kommune
	Etablere strategi og handlingsplan for «Eitt døgn ekstra»	Reiselivsnæring, destinasjonsselskap	Suldal kommune, Suldal Vekst
	Etablere og vidareutvikle kommunikasjonsstrategi for destinasjonen, herunder å kommunisere og synleggjere arbeidet med berekraft og merking av aktørar som er miljøsertifiserte i trykte publikasjonar, visitsuldal.no, og andre digitale flater.	Gjester, fastbuande, reiselivsnæringa	Suldal Vekst, Suldal kommune
	Vidareutvikle og styrke arrangementskompetanse i destinasjonsselskapet, samt ha målsetting om å etablere ein strategi for utvikling av eksisterande og nye arrangement.		Suldal Vekst
	Utvikle Sand som opplevings- og handelssentrum med fokus på torg og sentrumsområde som attraksjon og attraktivt å opphalde seg i og på, gangstiar i og rundt sentrum knytt til Sandsfossen med laksestudio og Høsebrua (Nasjonale Turistveg),	Gjester, lokalbefolkning	Suldal kommune, Rogaland Fylkeskommune, Suldal Vekst, Suldal Næringsforening

	<p>sosiale møteplassar og fokus på sentrumsnære opplevingar.</p>		
<p>10. Økonomiske levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter</p>	<p>Framleis fokus på å styrke skuldersesongar gjennom opplevings- og produktutvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arrangementsutvikling, herunder ta i bruk og utvikle ny teknologi i eksisterande og ny arrangements- og opplevingsproduksjon. • Styrke og utvikle bookbare opplevingar på destinasjonen • Pakketering av eksisterande tilbod på nye måtar til nye målgrupper – marknadskommunikasjon og synleggjering 	<p>Reiselivsnæring, kultur og handel</p>	<p>Suldal Vekst, Suldal Næringsforening, næringsaktørar, Ryfylkemuseet, Reisemål Ryfylke, Suldal kommune v/kultur og kulturhus</p>
	<p>Kartlegge og stimulere til auka bruk av lokale varer og tenester, og utfordre bedriftene på kva tiltak kvar og ein kan gjere i høve til å auke andel brukt på lokale leverandørar. Arrangere Handle-lokaldagar, stimulere offentlege innkjøp til å leggje betre til rette for at lokale leverandørar kan kvalifisere for anbod.</p>	<p>Reiselivsnæring, kommune</p>	<p>Suldal Vekst – næringsaktørar</p>
	<p>Kompetanseheving lokale mattradisjonar - fremje bruk av lokal mat og lokale mattradisjonar i reiselivsbedriftene.</p>	<p>Reiselivsnæring</p>	<p>Ryfylke IKS, RyMat, FMLA. Suldal Vekst, Suldal Næringsforening, landbruksnæringa</p>
	<p>Arbeide for at hyttesuldølane i større grad handlar lokalt og deltar i arrangement og opplevingar gjennom heile året. Etablere ein plan for tettare kommunikasjon gjennom informasjon innhenta etter hytteundersøking haust 2017.</p>	<p>Hyttesuldølane</p>	<p>Suldal Vekst, Suldal kommune</p>
	<p>Arrangere leverandørdagar i samarbeid med m.a. Statnett, Statkraft, Hydro og Statens Vegvesen</p>	<p>Næringsaktørar</p>	<p>Suldal Vekst, Suldal Næringsforening</p>

--	--	--	--

